


# 7

## Petroleumsinntektene til staten





**Figur 7.1** Netto kontantstrøm for staten frå petroleumsverksemda  
(Kjelder: Statsrekneskapan og statsbudsjettet)

Nasjonalbudsjett 2005 anslag:	
	Mrd. kr.
Skattar	112,8
Produksjonsavgift,	
CO <sub>2</sub> -avgift og arealavgift	4,5
SDØE	85,9
Utbyte Statoil	5,2
<b>Totalt</b>	<b>208,3</b>

**Figur 7.2** Netto kontantstrøm for staten frå petroleumsverksemda 2004  
(Kjelder: Statsrekneskapan og statsbudsjettet)

Staten får store inntekter frå petroleumsverksemda. I 2004 kom 28 prosent av statsinntektene frå petroleumsaktivitetane. Figur 7.1 viser innbetalingane frå sektoren. Dei har vore spesielt store dei siste åra, og 2004 var eit år med svært høge innbetalingar til staten. Verdien av petroleumsressursane som er att på kontinentalsokkelen, er i nasjonalbudsjettet for 2005 vurdert til 3050 milliardar kroner.

Staten sikrar seg ein stor del av verdiane som blir skapte, gjennom

- skattlegging av olje- og gassverksemda
- avgifter
- direkte eigarskap i felt på norsk kontinentalsokkel (Statens direkte økonomiske engasjement, SDØE)
- utbyte frå eigarskap i Statoil

Noreg har eit eige system for å sikra staten inntekter frå petroleumsverksemda. Hovudgrunngevinga for dette systemet er den ekstraordinære avkastinga som knyter seg til utvinning av ressursane. Vi må sjå skattesystemet i lys av at ressursane på norsk kontinentalsokkel er fellesskapet sin eigedom, og at oljeselskapa får tilgang til å utnytte ein verdifull, avgrensa ressurs.

### Petroleumsskattesystemet

Petroleumsskattlegginga byggjer på reglane for ordinær bedriftsskattlegging. På grunn av den ekstraordinære lønnsmda ved utvinning av dei norske petroleumsressursane blir det i tillegg lagt ein særskatt på denne typen næringsverksemd. Den ordinære skattesatsen er som på land, 28 prosent. Særskattesatsen er på 50 prosent. Når ein reknar ut grunnlaget for ordinær skatt og særskatt, blir investeringane avskrivne lineært over seks år frå det året investeringa skjer. Det er frådrag for alle relevante kostnader, medrekna kostnader til leiting, forskning og utvikling, finansiering, drift og fjerning (sjå figur

7.2). Det er fullt høve til konsolidering mellom felt. For å skjerma normalavkastinga frå særskatt er det eit ekstra fråtrekk i utrekningsgrunnlaget for særskatt, det som er kalla friinntekta. Ho er på 30 prosent av investeringane (7,5 prosent per år i fire år frå og med investeringsåret).

Selskap som ikkje er i skatteposisjon, kan føra fram underskot og friinntekt med rente. Selskapa kan òg søkja om å få refundert skatteverdien av undersøkingsutgifter i samband med likninga.

Petroleumsskattesystemet er utforma for å verka nøytralt, slik at eit investeringsprosjekt som er lønnsamt for ein investor før skatt, òg vil vera det etter skatt. Dermed er det mogleg å sameina omsynet til betydelege inntekter til fellesskapet med omsynet til tilstrekkeleg lønnsemd etter skatt for selskapa.

### Avgifter

Dei viktigaste avgiftene for petroleumsverksemda er CO<sub>2</sub>-avgift, arealavgift og produksjonsavgift.

CO<sub>2</sub>-avgifta vart innført i 1991 og er det viktigaste verkemiddelet for å redusera utslepp av CO<sub>2</sub> frå petroleumsverksemda. CO<sub>2</sub>-avgifta skal betalast per standardkubikkmeter (Sm<sup>3</sup>) gass som blir forbrend eller sleppt direkte ut og per liter petroleum som blir forbrend. For 2005 er satsen sett til 78 øre per liter petroleum eller standardkubikkmeter gass.

Arealavgifta kjem på for alle tildelte utvinningsløyve etter at ein initiell periode er over. Ho skal stimulera til tilbakelevering av område som selskapa ikkje ynskjer å utnytte. Spesielle reglar gjeld for dei eldste utvinningsløyva og for utvinningsløyve i Barentshavet.

Produksjonsavgifta held no på å bli fasa ut og skal ikkje betalast etter 2005. I dag er det produksjonsavgift for to felt, Gullfaks og Oseberg.

Driftsinntekter (normpris)
- Driftskostnader
- Avskrivning (lineært over 6 år)
- Leitekostnader
- CO <sub>2</sub> -avgift og arealavgift
- Netto finanskostnader (tynn kapitalisering: 20 % egenkapital)
= Ordinært skattegrunnlag (skattesats: 28 %)
- Friinntekt (7,5 % av investering i 4 år)
= Særskattegrunnlag (skattesats: 50 %)

**Figur 7.3** Utrekning av petroleumsskatt  
(Kjelde: OED)

## Normprisen

Dei fleste oljeselskapa på norsk kontinentalsokkel er ein del av eit konsern med diversifisert global verksemd. Utvunnen petroleum blir difor for ein stor del omsett til nærstående selskap.

For oljeskattestyresmaktene kan det vera ei vanskeleg oppgåve å vurdera om prisfastsetjinga er slik som to uavhengige partar ville ha avtalt seg imellom for kvart einskilt sal. For at ein skal unngå dette problemet, seier § 4 i petroleumsskattelova at det kan fastsetjast normprisar som skal brukast til å rekna ut skattbar inntekt ved likninga, i staden for den faktiske inntekta frå salet. Det er gjeve forskrifter om fastsetjing og bruk av normprisar.

Normprisen blir fastsett av Petroleumsprisrådet (PPR), og skal svara til det petroleum kunne vore omsett for mellom uavhengige partar. Jamt over blir det fastsett normpris for kvar månad og for kvart felt. PPR møtast ein gong i kvartalet for å setja prisane for kvartalet som er gått. Rådet baserer prisane på rapporterte sal frå selskapa som er operatørar på felt, og med månadleg gjennomsnitt for Brent Blend som ein viktig referansepris. Selskapa får skriftleg informasjon om prisane, og dei blir inviterte til å koma med synspunkt før rådet fastset endelege normprisar. Avgjerla kan klagast inn for Olje- og energidepartementet innan 30 dagar etter fastsetjinga. Når PPR ikkje finn det rimeleg å fastsetja ein normpris, blir faktisk oppnådd salspris lagd til grunn ved likninga. Det gjeld for somme råoljar, NGL og gass.

## SDØE

I tillegg til skattar og avgifter og avkasting frå eigarskap i Statoil er Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE) ei viktig inntektskjelde for staten.

SDØE er ei ordning der staten eig ein del i ei rekkje olje- og gassfelt, røyr og landanlegg. Delen blir fastsett ved tildelinga av utvinningsløyvet, og storleiken varierer frå felt til felt. Som ein av fleire eigarar dekkjer staten sin del av investeringar og kostnader, og får ein tilsvarende del av inntektene frå utvinningsløyvet. SDØE vart oppretta med verknad frå 1. januar 1985. Fram til då hadde staten hatt eigarskap i utvinningsløyve berre gjennom selskapet Statoil, som staten var eineigar av. Statoils deltakardelar vart i 1985 splitta i ein direkte økonomisk del til staten (SDØE) og ein til Statoil. I samband med delprivatiseringa av Statoil 18. juni 2001 vart forvaltinga av SDØE-porteføljen overført til det statlege forvaltningsselskapet Petoro.

Ordninga med SDØE verkar nøytralt, på den måten at ingen risiko blir overført frå staten til selskapa. SDØE-ordninga gjer at staten på tildelingstidspunktet kan skreddarsy den delen av verdiskapinga som skal falla på staten. For utvinningsløyve der ein ventar lita lønnsemd, kan staten ta ingen eller ein liten del, medan det for meir lønnsame felt er aktuelt med ein større del.

## Utbyte frå Statoil

Per 1. mars 2005 eig staten 70,9 prosent av aksjane i Statoil. Som eigar i Statoil får staten utbyte som går inn i statens inntekter frå petroleumsvirksomheita.

